

Referat frå skypemøte i Kulturskulerådet Sogn og fjordane

Onsdag 1. juni kl. 13.00-14.00

Med på Skype: Trude, Arne, Martin og Grete

Forfall: Ole Jacob og Ann Karin

Litt om status på sjukmeldinga til rådgjevar og anna ymse info fyrst ...

Sak 1 Laurdagsskulen

Informasjon om prosessen rundt søknadane og møte med Pål Fidjustøl.

Det er viktig å legge vekt på desse tinga i søknaden:

- at kulturskulerådet ikkje er ein kommunal organisasjon
- at det søkast til eit prosjekt
- Vi vart anbefalt å søkje Talent Norge neste år. Dei skal ha distriktsprofil, sjølv om fleire i Sogn og Fjordane ikkje har fått støtte tidlegare, bør vi prøve.
Når du søker her må du ha ein privat aktør i ryggen, og Sparebankstiftinga vil stille som denne private aktøren for oss.

Vedtak: Det blir ikkje gjennomført musikk-laurdagsskule skuleåret 2016-17.
Alle kommunar får laurdagsskuleavgifta redusert til halvparten neste skuleår.
Kr. 1500,- Laurdagsskule i visuelle kunstfag blir vidareført med dei same elevane som er med no.

Styret set ned eit utval som skal drøfte kva fordjupning tilbod vi skal ha i vårt fylke framover- med tanke på den nye rammeplanen etc.
Målet er å gi eit fordjupning tilbod i både musikk og visuelle kunstfag skuleåret 2017-18.

Sak 2 Økonomi

Økonomien er særskilt dårlig. Vi må kanskje be om forskudd på overføringane sentralt for å få betalt ut utesståande til laurdagsskulelærarar og slike.

Vedtak: Arne held styret informert om ståda

Sak 3 Rapport frå org. samling i Trondheim

Grete og Ole Jacob var der- Grete refererte dei viktigaste tema som vart tatt opp; vedtektsendringar og endring av verksemmdplanen. Her er det viktige prinsipp som vi må drøfte i styret ved neste høve.

Sak 4 Kulturskuledagane vest

Programmet ser fint ut! Vi må få med så mange som mulig.

Evt: Styret vil gjerne ha ei offentlig facebookside der vi kan få ut viktig informasjon og vise oss tydeligare fram som organisasjon. Denne vil vi gjerne opprette så fort som mulig.
Grete ber Ole Jacob sjå på saka.

Neste møte:

Onsdag 7. september kl. 10.30 på Sunnfjord hotell.

Sakliste (det vi veit no)

- Forslag på til kven som skal sitte i fordjupingstilbod-utvalet.
- Landsmøtedeltaking og landsmøtesaker
Forslag om møte på hurtigruta oppover .
- Økonomi- søknadsfrister for ulike organisasjoner
- Våre arrangement og aktivitet framover